



Delar av kornett-gruppa i det eine 11-13-årskorpset. På bakrekkja ser vi frå venstre Marita Kjærland, Karoline I. Amundsen, Bente Halvorsen (delvis skjult) og Karoline Slåke. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Tolv av medlemmene i Uskedal skulemusikk deltok i helga på Karmøy Brass Festival saman med knapt 400 andre skulekorpsmusikantar frå i overkant tjue korps frå Sunnhordland og Rogaland. Forventningane til festvalen var svært høge etter den vellukka deltakinga på festivalen i fjor. Og det slo verkeleg til; det vart faktisk endå betre!**

Hovudinnhaldet i festivalen er øving og musikalsk utvikling, men dette ligg i ei solid innpakning av sosiale aktivitetar.

Musikantane vart delt inn i tre hovudgrupper etter alder. Deretter vart musikantane i kvar gruppe fordelt på fleire ulike korps som hadde god besetning med fordeling på dei ulike instrumentgruppene. Kwart korps fekk tildelt sin dugande dirigent, og dei øvde inn eit konsertprogram som dei spela på avslutningskonserten søndag ettermiddag.



Det enorme Massed-bandet gav publikum ei mektig oppleving på avslutningskonserten. (Foto: Thor Inge Døssland)

I tillegg var det eigne øvingar for slagverkarane eit par timar både lørdag og søndag. Dei øvde inn eit stort trommenummer som vart framført på avslutningskonserten.

Av programmet elles nemner vi at det fredag kveld var både bingo og diskotek i tillegg til Idol- konkurransen som er omtala i eiga sak då kvinnheradsbandet "The very, very youngblood band", vart kåra til vinnarar dette året. Lørdag var det bading i Karmøyhallen før vel 500 publikummarar var samla til ein flott festkonsert. Tradisjonen tru var det Stangaland Brass som stod for hovuddelen av programmet. Det gode brassbandet gav eit flott program med solistar, spennvidde og variasjon, som publikum sette stor pris på. Ekstra krydder vart det og midt i programmet. I tillegg til "The very, very youngblood band" fekk publikum oppleve den dugande tubaisten, Pål Magne Austnes (The Tubaplayer). Han spela mellom anna "Fnugg" av Øystein Bådsvik. Ingen som ikkje har opplevd det, kan tru det er mogeleg. Det må berre opplevast! Fantastisk! Smaksprøvar på det Austnes kan prestera på tubaen, kan de høyra på [www.tubaplayer.com](http://www.tubaplayer.com)

Etter festkonserten vart programmet avslutta med diskotek.



Handletur med Trygve Torjusen har vorte ein populær tradisjon før badinga om laurdagen. (Foto: Thor Inge Døssland)

Avslutningskonserten søndag var og ei flott oppleving. I tillegg til at korpsa presenterte programma dei hadde øvd inn i løpet av helga, var det "Massed Band" samansett av alle musikantanane, og ei imponerende framføring av slagverksgruppa. Det var ein konsert avspegla glede, utstraling og tryggleik hos musikantane. Eit solid vitnemål om ei hundre prosent vellukka helg.

I tillegg til det musikalske er det ein solid sosial gevinst å henta ved å vera med på slike samlingar. Samhaldet i gruppa vert styrka, og ein knyter mange og gode vennskap til medlemmer i andre korps. Svært gledeleg er det og at det knyter korpmusikantane i dei ulike korpsa i kommunen saman.

I tillegg til Uskedal var og Høylandsbygd, Husnes og Rosendal representert med deltakarar. Dei hadde mykje kjekt saman. Vi i Uskedalen er til dømes svært takksame for at dei to rosendalsgutane Jonas Bewer og Sebastian L. Torjusen las og sang så fint til jentene våre om kvelden. Dei sov som steinar etterpå! Leiarane trong berre å sløkkja lyset.

Karmøy Brass Festival er blitt eit "must" i vårt korps som i mange andre korps. Ein fantastisk start på sesongen! Datoen for neste år alt bestemt; 19.-21.september.

PS: Litt ros må musikantane ha for oppførsel, punktleghet, humør og positivitet. Vi leiarane har aldri opplevd maken! Tusen takk til dåke alle!!!!

Av Thor Inge Døssland



Frå øvinga i 11-13-års-korpset. Vi ser mellom andre Karoline Slåke, Amalie F. Helleland, Kaja Døssland og Tobias L. Torjusen frå Kvinnherad. (Foto: Thor Inge Døssland)